



Saksframlegg

Kommunal forskrift om jakt - Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

LOV-1981-05-29-38 Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven)

FOR-2016-01-08-12 Forskrift om forvaltning av hjortevilt

FOR-2001-05-02-526 Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Fyresdal kommune, Telemark.

Vedlegg

- 1 Forslag jaktforskrift
- 2 Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Fyresdal kommune, Telemark - Lovdata

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har gjennom FOR-2001-05-02-526 «Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Fyresdal kommune, Telemark», opna for jakt på elg, hjort og rådyr i heile kommunen. Forskrifta er gjort med heimel i viltlova, og omtaler kva hjortevilt det er opna for jakt på, samt minstearealet som skal til for å kunne tildele fellingsløyve på vedkomande art. Forskrifta er seist revidert i 2001, og samsvarar ikkje med dagens forvaltning av hjorteviltet. Det er difor på høg tid med ein revisjon av forskrifta, slik at det er samsvar mellom aktuell forskrift, og arealet som er grunnlag for tildeling av kvoter for felling av hjortevilt i kommunen.

FOR-2011-05-15-537 «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» § 6 omtalar kommunes plikt til å fastsetje, og krevje inn fellingsavgifter, i dei område det er opna for jakt på hjortevilt. Forskrifta seier ingen ting om nivået avgifta skal ligge på, men maksimalt tillat avgiftsnivå vert kvart år vedteke i statsbudsjettet.

Departementet har no på høyring ei ny viltressurslov, som mellom ana endrar dagens viltlov. Lovforslagets §9 omhandlar kommunens moglegheit til å krevje inn fellingsavgift for felt vilt, slik viltlovas §40 gjer i dag. Lovforslagets §9, 4.ledd har fyljande ordlyd; «Kommunen kan gi *forskrift om fastsetting og innkreving* av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av Stortinget.»

For å ha heimel til å krevje inn fellingsavgift, må kommunen med andre ord fastsetje dette i forskrift, samt fastsetje nivået avgifta skal liggje på. Landbruksdirektoratet anbefaler samstundes at punktet om fellingsavgift innlemmast i kommunens allereie gjeldande forskrifter om viltet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Denne saka vil vere to-delt; fyste halvdel omtalar revisjon av gjeldande forskrift, medan andre halvdel omtalar tilføyning av ny paragraf i forskrifta;

Del 1:

Gjeldande forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr i Fyresdal er frå 2001, og treng revisjon for at dagens forvaltning skal samsvare med forskrifta. Kommunen skal fastsette minsteareal for elg, hjort og/eller rådyr i forskrift. Det kan fastsettast ulikt minsteareal for ulike artar og for ulike delar av kommunen. I gjeldande forskrift er kommunen delt i to ulike «soner»; Fjellgardane og Roan storvald har 2500 daa som minsteareal for tildeling av elg, medan resten av kommunen har 4 000 daa. Dette stammar frå tida då det var svært mykje elg i Fyresdal, meir enn bæremna, og kvotene vart satt høge for å skjote stamma ned på eit berekraftig nivå. For hjorten sin del er det satt same minsteareal i heile kommunen; 25 000 daa. Dette då det i 2001 var lite hjort, og det viktigaste var ei opning for å kunne tildele kvote.

I Fyresdal har ein i snitt skote 145 elg dei seinare åra, det er også eit ynskje å halde avskjoting, og med det stamma, på same nivå i åra frametter. Om ein legg til grunn ei kvote på 175 elg fordela på 950 000 daa teljande areal, har vi eit minsteareal bak kvart dyr på 5 500 daa. Det er store variasjonar på tettheten av elg i Fyresdal, og det er difor valgt å differensiere minstearealet i kommunen, ut i frå historisk tildeling og felling.

Roan storvald og Snarteland/Åsland Storvald har ei tettare elgstamme enn elles i Fyresdal, Momrak/Nape, Vestkanten og Fjellgardane ligg «midt på treet», medan Kilegrend og Kleivgrend har den minste tettheten av elg. Dette ut i frå Hjorteviltregisteret, som er eit nasjonalt register alle jegerar og jaktlag rapporterer sine jaktresultat i.

Det er eit ynskje at forskrifta har eit minsteareal som ligg så nær faktisk tildeling som mogleg, og vice versa. Så må ein heller revidere forskrifta på ny, om det syner seg å vere naudsynt. Ut i frå eit ynskje om å halde avskjotinga i neste planperiode om lag på same nivå som historisk tildeling seiste 5-års periode foreslåast det fyljande differensiering av minsteareal i kommunen;

Område	Minsteareal Elg	Minsteareal Hjort	Minsteareal Rådyr
Roan og Snarteland/Åsland	3 000	10 000	1 000
Momrak/Nape, Vestkanten og Fjellgardane	5 000	10 000	1 000
Kilegrend og Kleivgrend	7 000	10 000	1 000

Minsteareal for hjort setjast til 10 000 daa for kvart fellingsløyve, for rådyr vidareførast arealgrunnlaget frå gjeldande forskrift på 1 000 daa.

Del 2:

Jamfør «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» §1. 2.ledd skal kommunar der det er adgang til jakt etter elg og/eller hjort etablere eit kommunalt viltfond. Føremålet med viltfondet er å skape økonomisk bakgrunn for å fremje viltforvaltninga i kommunen. Fyresdal har hatt viltfond sidan 1981, då viltlova trådde i kraft.

Viltfondet kan nyttast til:

- Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.
- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring gjort av hjortevilt.

Vidare fyljer det av same forskrift §6. 1.ledd at kommunar der det er adgang til jakt etter elg og/eller hjort, skal fastsette og krevje inn fellingsavgift for felte dyr av desse artane. Satsane for fellingsavgifter skal fastsetjast av kommunen gjennom vedtak innanfor rammer fastsett av Kongen jf. viltlova § 40. Maksimalsats for fellingsavgift vert annakvart år fastsett av Stortinget gjennom Prop. 1 S frå Landbruks- og matdepartementet (statsbudsjettet). Kommunen kan sjølv velje om ein vil ligge på maksimal sats, eller på eit lågare nivå, alt etter kva for behov ein har i viltfondet. Fyresdal har i seinare tid konsekvent fylgd maksimalsats, for å kunne stø opp om tiltak innanfor viltforvaltninga, samt dekke kostnader til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt. Satsane har for jaktåret 2025/2026 vore kr. 670,- for vaksen elg, kr. 400 for elgkalv, kr. 520,- for vaksen hjort og kr. 310,- for hjortekalv. Dette har generert om lag kr. 75 000,- til viltfondet.

Departementet har i sitt arbeid med ny viltressurslov kome fram til at kommunar som ynskjer å fastsetje fellingsavgifter for elg og hjort, må gjere dette gjennom forskrift, jf. viltressursloven § 9. Dette for å ivareta rettstryggleiken til den enkelte jeger; ei avgift kan bare krevjast inn om den er fastsett i lov eller forskrift. Kommunen må altså ha ein eigen heimel i lokal forskrift.

Landbruksdirektoratet anbefaler samstundes at punktet om fellingsavgift innlemmast i kommunens allereie gjeldande forskrifter om viltet. Fellingsavgifta treng ikkje talfestast i forskrifta, men paragrafen kan i staden ha fyljande ordlyd; «Satsar for fellingsavgift setjast til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak». På denne måten er ein fleksibel i høve innkrevjing, og treng ikkje revidere forskrifta kvar gong ein ser behov for ei justering av satsane.

Gjeldande forskrift «Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Fyresdal kommune, Telemark.» inneheld ikkje noko punkt om fellingsavgifter, og det vil såleis vere naturleg å fylje Landbruksdirektoratets anbefaling å innlemme ein paragraf om fellingsavgifter, i eksisterande forskrift. Dette vil gjere det enklare for den enkelte jeger/brukar å orientere seg, samstundes som ein minimerer byråkratiet kring slike forskriftsarbeider.

Om ein vel å innlemme punkt om fellingsavgift i gjeldande forskrift, vil ordlyden bli slik;

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift kreves inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satser for fellingsavgift settes til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

Konklusjon:

Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr i Fyresdal treng revisjon, då punktet om minsteareal ikkje samsvarer med kommunens ynskje om arealgrunnlag pr. fellingsløyve, samt at det er kome nye krav om at innkrevjing av fellingsavgift for hjortevilt skal vere forankra i forskrift. Dette gjer at Fyresdal må revidere forskrifta, og tilføye ny paragraf. Forskrifta er utarbeida etter mal frå Landbruksdirektoratet og Lovdata, og tilfredsstillar krav til slik forskrift. Om utvalet stør forskrifta slik den ligg føre, sendast den på høyring til samtlege jaktlag og andre aktuelle høyringspartar. Utvalet får saka på ny, og vedtek eventuelt å sende den til kommunestyret for endeleg godkjenning, før endeleg publisering på Lovdata.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forslag til «Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Fyresdal kommune, Telemark» sendast på høyring til aktuelle instansar slik den ligg føre. Ny forskrift erstattar «Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Fyresdal kommune»

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef